

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 01.12.2008
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 24.10.08 - 01.12.08**

Styresak 119/08 O

Styremøte 12.12. 2008

Administrerande direktør si orientering pkt 4

Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 24.10.08 – 01.12.08

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Endingar i pasientrettslova og biobanklova	28.10.08	Nytt kap 4a (helsehjelp og forskning – personar utan samtykkekompetanse) skal gjelde frå 1. januar 2009.
Ending i pasientskadelova	31.10.08	Det er vedteke ein ny erstatningsordning for pasientskader i privat helseteneste. Den nye ordninga tar til å gjelde frå 1. januar 2009. Da faller plikten for privat helsepersonell til å tekne privat forsikring etter helsepersonellova bort. Privat helsepersonell får i staden plikt til å melde frå om si verksemd til Norsk Pasientskadeerstatning (NPE) og betale tilskot til NPE.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendingar i perioden 24.10.08 – 01.12.08

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om autorisasjon, lisens og spesialist-godkjenning for helsepersonell med yrkes- kvalifikasjonar frå andre EØS-land.	24.10.08	Ny forskrift tar til å gjelde frå 1. november 2008.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 24.10.08 – 01.12.08

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Enkeltoppgjer for pasienttransport – lokalisering av nasjonal eining.	21.11.08	Helse- og omsorgsdepartementet har bestemt at den nasjonale eininga for enkeltoppgjer for pasienttransport skal lokalisrast til Skien. Samtidig er klausulen om at det skal vere ein administrasjonsstad for Helse Sør-Aust RHF i Skien oppheva.